

Til Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Att.: Anne Melbø (sendt på e-post)
(Også sendt på e-post til postmottak og Magnus Tornes)

9. november 2017

Søknad om mindre endring på gjeldande løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall samt EE-avfall for SSR IKS i Ulstein kommune
Anleggsnr.: 1516.0045.01 – Løyvenr.: 2017.0022.T

Vi syner til hyggeleg telefonsamtale i går, og sender herved – som avtalt – over ein søknad om ei mindre endring på det gjeldande løyvet for anlegget vårt i Saunesmarka i Ulsteinvik.

Endringane i forhold til gjeldande avtale er følgande:

- For å vere sikker på at vi held oss innanfor dei antyda mengdene i løyvet, ønskjer vi å endre mengda på det årlege mottaket av ordinært avfall (frå 10 500 tonn no) til 13 500 tonn. Dette mest fordi vi ser at statlege pålegg og andre vedtak gjer at meir og meir blir inkludert i renovasjonsgebyret – som t.d. den nye ordninga med mottak av fritidsbåtar. I tillegg ønskjer vi å endre grensene for mottak av EE-avfall (frå 250 tonn no) til 500 tonn. Sistnemnde fordi vi ser for oss at mengdene også her vil auke framover – noko som også er ei ønska utvikling.
- Vidare ønskjer vi å inkludere matavfall / våtorganisk avfall i typene avfall vi tar i mot. Dette blir tatt i mot også i dag i restavfallet, men frå etter sommarferien 2018 blir matavfallet eigen fraksjon hos oss. Maksimal lagringstid blir mindre enn ei veke. Vi er naturleg nok mest opptatt av luktproblematikken med dette avfallet. Matavfallet vil ikkje ligge lenge før det blir lasta opp i lukka containerar og etter kvart køyrt vekk til vidare behandling i eit biogassanlegg eller eit komposteringsanlegg. Vi ser for oss at opplasting vil skje dagleg og vekkøyring 1 eller to gongar pr. veke. Det som kjem inn som matavfall vil redusere mengdene med restavfall tilsvarande. I full drift er det mengdemessig anslått frå 1200 tonn og oppover årleg for matavfallet. Med fullklaff er nok taket 2200 tonn, men dette reknar vi ikkje med første åra med ein ny fraksjon.

Vi ser fram til ei positiv behandling av søknaden. Ta også gjerne kontakt med underteikna dersom det er noko de lurar på.

Ha ein fin haust vidare!

Med helsing
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS


Einar Heimdal
dagleg leiar

